



Terje J. Ledahl AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/43 - 16/5420

Saksbehandlar:

Ingrid Moe

ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:

11.03.2016

GBNR 8/5 - Søknad om bruksendring og etablering av fire leilegheiter - Trong for tilleggsinformasjon

Vestbygd eigedom, representert av ansvarleg søkjar Terje Ledal, har søkt om etablering av 4 bueiningar på gbnr 8/5. Dispensasjon er gitt for tiltaket i UDU-vedtak 60/2015.

Til orientering har underteikna overteke som sakshandsamar for søknaden.

Det vert vist til brev dagsett 20.11.2015, der Meland kommune trong tilleggsdokumentasjon for å kunna handsama søknaden.

Det vert også vist til dokumentasjon motteke 21.06.2016.

Etter ein gjennomgang av søknaden og dokumentasjonen som er motteke, ser kommunen at søknaden framleis er mangelfull, og at vi difor treng tilleggsdokumentasjon.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Ansvarsretter:

1. I brev dagsett 20.11.2015 vart det kravd uavhengig kontroll av ansvarsområda prosjektering og utføring av brannsikkerhet.
Vi kan ikkje sjå at vi har motteke ansvarsrett for kontroll av utføring, dette må ettersendast.
2. SAK § 14-2 stiller obligatoriske krav til uavhengig kontroll av våtrom. Meland kommune ber difor om at du ettersender ansvarsrett for ansvarlege føretak som skal erklæra ansvar for desse fagområda.
3. I Vestbygd eigedom sin ansvarsrett går det fram at de tek ansvar for å prosjektere alt unntatt rørleggerarbeid. Dette er ikkje i samsvar med at Hoplands Brannrådgivning AS i gjennomføringsplanen skal prosjektere Brannkonsept.
4. Meland kommune har berre motteke ei samsvarserklæring frå Hoplands Brannrådgivning, og ikkje erklæring om ansvarsrett. Erklæring om ansvarsrett må ettersendast.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen ber også om at det ettersendes dokumentasjon på at kvar bueining har tilstrekkeleg med utandørs opphaldsareal og tilstrekkeleg med parkeringsplassar teikna inn på ein oppdatert situasjonsplan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.04.2016**. Saka vert lagt i ventearkiv til dokumentasjon er motteke i samsvar med ovanstående.

Viss kommunen ikkje har motteke ein fullstendig søknad innan fristen, vil søknaden avvisast som ufullstendig jfr. Pbl. § 21-4 første ledd jfr. andre ledd.

Sakshandsamingsfrist:

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Terje J. Ledahl AS